

Leigeavtale om bruk av idrettsbana i Grønålen mellom Manger IL og Radøy kommune

1. Leigetilhøvet mellom Manger IL og Radøy kommune gir kommunen gjennom året rett til å disponera idrettsbana i Grønålen i skuletida.
2. Dersom kommunen ønskjer å bruka anlegget til enkeltarrangement eller aktivitetar ut over det som er nemnt over, skal dette avklarast med eigar i forkant. Framleige, heilt eller delvis, er ikkje tillate.
3. Manger IL pliktar å utføra nødvendig vedlikehald av idrettsbana. Leigetakar er kjent med at ei kunstgrasbane ikkje er å rekna som ei heilårsbane. Idrettslaget vil utføra snørydding så langt idrettslaget har ressursar til det, og så langt dette ikkje er til skade for kunstgrasdekket.
4. Radøy kommune og Manger IL skal til ei kvar tid ha oppnemnt kvar sin kontaktperson som skal ivareta dialogen mellom partane kring bruken av idrettsbana.
5. Kommunen har ansvar for å halda orden og fjerna avfall i den tida kommunen nyttar bana. Hærverk gjort av elevar i skuletida skal erstattast av Radøy kommune.
6. Radøy kommune er kjent med at leigeavtalen med kommunen er ein avgjerande del av idrettslaget si finansiering av bana. Partane er difor samde om ein femårig avtale frå og med 01.01.2016. Leigeavtalen går deretter over i ein avtale med to års gjensidig oppseiingstid.
7. Årleg leigesum er kr 150 000. Leigesummen inkluderer lys på idrettsbana som er naudsynt for å kunna ha aktivitet i tida kommunen leigar anlegget. Leige vert fakturert på etterskot månadsvis.

Denne kontrakt er underteikna i to eksemplar, eit til kvar av partane.

Manger 08.06.2015



Manger IL



Radøy kommune